

Kyrkjetonar



**Tema:
Aksdal kyrkje 25 år**

**Mine kjære,
har Gud elska oss så,
då skyldar òg vi å elska
kvarandre. Ingen har nokon
gong sett Gud, men dersom
vi elsker kvarandre, blir
Gud verande i oss, og hans
kjærleik har vorte fullenda
i oss.**

1. Joh. 4,11-12

Framsidediletet: På kirkeveg.

Nå er det 25 år siden kirken
i Aksdal ble innviet.
foto: Asbjørn Erdal

Kyrkjetonar

**Utgivar: Sokneråda i Bokn, Tysvær,
Førresfjorden og Nedstrand sokn.**

Fire nummer i året: mars, juni,
september og desember

Redaktør: Ståle Hustoft,
Nedstrandsvegen 1488, 5560 Nedstrand.
Mobiltelefon 900 26 142,
e-post: hustoft@hustoft.net

Redaksjon: Marie Vågshaug, Steinar Høyvik,
Ingrid Hustoft Landro og Asbjørn Erdal

Post til redaksjonen kan også sendast:
Kyrkjekontoret, 5570 Aksdal, telefon:
52 75 77 00, telefaks: 52 75 77 10

Girokonto: 3240.07.61212.

VIPPS-nummer: 523083

Frivillig kontigent: kr. 150,-

Kasserar: Børge Løype,
5574 Skjold. Telefon 52 76 21 22

Grafisk utforming: Ståle Hustoft

Kyrkja i Tysvær og Bokn

Bokn, Tysvær, Førresfjorden og Nedstrand sokn

Telefon*: 52 75 77 00

Internett: www.tysvaerkirken.no

E-post: kyrkja@tysver.kommune.no

Kyrkjekontoret for Bokn, Tysvær og Førresfjorden sokn

åpningstid: tirsdag, onsdag, torsdag og
fredag, kl. 10 - 14

“The missing link”

Det foregår mykje bra arbeid i
kyrkjene våre, for både barn,
unge, vaksne og eldre.
Dåpsopplæringa gjennom
Kyrkjenær har god oppslutnad
og det er til dømes fullt hus
på EtterSkoletid i Aksdal og
barneforening i Nedstrand.

Me skal ikkje sjå smått på at barn
og unge vert kjent med bibelen.
Ikkje minst har det enorm verdi
å få møta leiarar - heilt vanlege,
kristne, vaksne folk.

Dei fleste unge i Tysvær og Bokn
flyttar til andre stader i landet i
studietida. Frikyrkjer av ulike
slag blomstrar i dei store student-
byane. Mange unge finn seg godt
til rette i møter og gudstenester
som er særleg tilrettelagt for
akkurat deira aldersgruppe.

Når desse unge i etableringsfasen
flyttar heim igjen er det mange
som saknar den skreddarsydde
møteforma.

Alle som har prøvd klesplagg
som visstnok skal passa alle,
uavhengig av kroppsfassong, veit
at då passar kledda like dårlig for
alle. Det er vanskeleg å tenkja
seg at «one size fits all» fungerer
særleg mykje betre i kyrkja.

Altfor ofte høyrer eg folk midt
i livet seia «eg var visst den
yngste i kyrkja i dag.» Det burde
bekymra oss mykje meir enn det
gjer. Det er ein «missing link»
mellom barne- og ungdoms-
arbeidet til vaksen- og
seniorarbeidet.

Eg skal ikkje blåsa ut lyset for dei
som trur på Jesus, og som finn
liv til trua si heime eller i andre
fellesskap. Den norske kyrkja har
ikkje monopol på vegen til Gud.
Jesus er vegen til Himmelen, og
det er mange måtar og stader å
vera i lag med Jesus.

Men som kyrkje må me ha tru på
at me har noko å tilby. Frimod
til å invitera inn i eit kristent
fellesskap.

Me har ein jobb å gjera alle
saman. Sokneråd, frivillige og
tilsette - saman må me tenkja
misjon i våre eigne bygder. Me
må snakka meir om korleis me
kan få fleire til å kjenna seg
heime i vårt primære fellesskap;
Gudstenesta.

Ståle Hustoft

Redaksjonen avslutta 16. august



redaktørens hjørne



Bilete over: 15. og 29. juli fylte Ove Olaisen (t.v.) og Daniel Dossev
(t.h.) sommarkvelden med musikk. I midten er Nedstrand
kyrkjeforum representert ved Janne Eide og Bjørg Rørtveit.

Musikk i sommarkvelden

av Bjørg Rørtveit

**Nedstrand Kyrkjeforum arrangerte intim-
konsertane «Musikk i sommarkvelden» tre
onsdagar i juli. Dette var eit lågterskeltilbod til
turistar, fastbuande og hyttefolk som hadde lyst
å senke skuldrene og ta inn den gode
atmosfæren i kyrkja vår saman med fin,
levande sommarmusikk av høg kvalitet.**

Tilbudet vart godt motteke, med mellom 30 og 40
besøkande til kvar konsert. Dei som bidrog var
profesjonelle utøvarar med ulik tilknytning til bygda,
og det var oppdrag dei tok med glede og utan løfte
om honorar.



15. og 29.juli: Daniel Dossev (saxofon) og Ove
Olaisen (piano / orgel), begge med lang fartstid i
kulturskulane på Haugalandet, sto for 2 av
konsertane. Dei gav oss musikk med stort spenn,
alt frå klassiske verk, til folketonar, viser og meir
populære songar der det var mulig å nynne med.

På Olsok-konserten var det og ei kort opplesing om
historia rundt Olav den Heilage, og korleis hans liv og
død sette sitt preg på den kristne historia, og framleis
gjer det.

22. juli: Marit Klovning har 30 års fartstid som cellist
i KORK, og framførte eit variert klassisk program av
komponistar som Grieg, Bach, Faurè m.fl.,- dels i
celloduett saman med kusine Magnhild Mo, og med
mor Ingrid Klovning på piano. Kanskje var dette den
aller første cellokonserten i kyrkja si lange historie?
Me håper i alle fall det ikkje blir den siste. Konserten
vart bunden saman av Marit sine små historier
knytta til musikken og til Nedstrand,- og vart vakkert
avslutta med at alle song Lina Sandell si salme
O Jesus åpne du mitt øye.

Me håpar likande konsertar kan bli ein sommar-
tradisjon i Nedstrand kyrkje, og har du lyst å bidra,
eller kjenner nokon som kunne tenke seg: Ta kontakt
med Nedstrand kyrkjeforum v/Janne Eide eller Bjørg
Rørtveit.

Bilete til venstre:

Cellist Marit Klovning i Nedstrand kyrkje 22. juli.



Hagefest i Loten

av Marie Vågshaug

I mange år har fellesgudstenesta i Bokn og Tysvær først i juni vore feira i hagen til Solveig og Leiv Våga i Loten. I år vart gudstenesta flytta til Bokn kyrkje grunna regn. Sidan det dette året var det siste året Arne Aurdal skulle delta som prest syntest Solveig og Leiv at det var trist at det ikkje blei noko hagegudsteneste i år. Derfor ba dei til sommarfest i hagen sin 14. juni. Arne og Kristine var gjester saman med mange andre, både frå Bokn og Tysvær.

Då me kom inn i den frodige hagen var det dekket langbord, (med passeleg avstand mellom kuvertane i desse koronatider). Det var litt overskya frå morgonen av, men skydekket løyste seg opp og sola skein etterkvart frå skyfri himmel. Det var kjekt å møte så mange vener og kjente på ein så fin dag.

Leiv ønskte alle velkomne til både «hageavskjedsfest» for presteparet, og gullbryllup for vertskapet. Han starta med å fortelje om slekta si, og historie frå Loten, før gjestane fekk servert nydeleg bacalao og eplemost Til dessert fekk me kroneis og kaffe. Mat og servering tok den yngre garde i familien seg av. Drøsen gjekk og folk kosa seg saman.

Etter maten kom Liv Vatnaland med helsing til Arne Aurdal, frå seg og systera Ingrid Håland. Ho konkluderte med at Bokn ikkje kunne hatt ein betre prest! Han fekk eit fint pledd i gåve som han kunne ha på seg når han skulle kvile etter at han hadde laga middag og vaska opp om dagane, når han vart pensjonist. Arne takka for fine ord og gåve.

Fleire hadde ordet, inkludert gullbrudeparet som heldt tale til kvarandre. Karianne Våga, barnebarnet til Solveig og Leiv, spelte vakre tonar på saksofon for oss.

Grunna epedemien me alle har måtta ta omsyn til i desse dagar har dei fleste av oss vore mykje heime, det var derfor ekstra kjærkome med ei slik flott samling med gode vener.

Det har vore mange fine gudstenster i hagen i Loten opp gjennom åra, og mange gode minne å sjå tilbake på.

Ein stor takk til Solveig og Leiv som år etter år har opna hagen og lagt til rette for fine stunder saman for nabosokna, ein søndag i juni eg, og sikkert mange med meg, alltid har sett fram til!



Intervju med konfirmantar frå Tysvær sokn

av Marit Sofie Teistedal Vikre



Viljar Bådsvik

Korleis har det vore for deg etter 12. mars?

I starten lurte eg på kva som ville komme. Det var rart å ikkje stå opp og gå på skulen om morgonen, men det var greitt. Eg kunne gjerne ha vore heime fram til sommarferien. Likevel var det litt godt å komme tilbake til skulen.

Kva gjer du i fritida?

Eg gjer mykje forskjellig. Eg kan gå på kino og andre ting som eg har lyst til. Det er fint å kunne finne på det eg vil i fritida.

Kva har du likt best i konfirmanttida?

Eg likte best kinokvelden på Tysværtunet. Den filmen vi såg der likte eg godt. Kveldane på Soknehuset var òg heilt greie.

Rakel Agathe Hølland

Korleis har det vore for deg etter 12. mars?


Det var keisamt i starten. Då var det litt strengt. Etter kvart løyste det seg litt opp, og då blei det enklare. Eg trur denne tida var bra for meg. Eg brukte skuletida betre, og eg fekk betre tid til oppgåvene når eg var heime enn når eg er på skulen.

Kva gjer du i fritida?

Eg er med folk og snakkar med folk.

Kva har du likt best i konfirmanttida?

Det var ganske koseleg på leiren. Der fekk eg vere med folk frå andre skular. Kveldane på Soknehuset har blitt betre etter kvart som folk fann ut reglane.



Jørgen Sørenes Myklebust

Korleis har det vore for deg etter 12. mars?

Både og. Eg var litt skeptisk til korleis det skulle fungere med skulen i desse tider. Det var dumt å ikkje treffe folk som eg var vant med å sjå. Det gjekk likevel greitt med skulearbeidet, men eg blei litt lei på slutten. Det var keisamt å bare vere heime. Likevel hadde eg alltid noko å gjere. Eg trena, spelte badminton og var saman med pappa og sysken ute. Elles spelte eg og hadde kontakt med venner på data.

Kva gjer du i fritida?

Eg er for det meste heime og gjer praktiske aktivitetar. Eg likar å trene og vere ute.

Kva har du likt best i konfirmanttida?

Eg likte best når alle var samla på Soknehuset og kunne møtast utanom skuletida.



Varmt gjensyn etter tre måneder

av Liv Tryti/Kjersti Hjelmervik Lofthus

Mandag 15 juni var det endelig mulig å møtes igjen på Simenklubben. Da var det mange som hadde ventet lenge.

Gleden var stor når vi etter en helt spesiell vår fikk til en koselig sommeravslutning på utsiden av kirken.

Gjermund Prest var også med denne dagen. Han hadde vært på orreleik og hadde med flotte bilder han fortalte om. Etterpå var det Bocciaturnering og hesteskokasting. Mens vi koste oss med god prat, is og kaffe/te i finværet ble det også tid til litt gåter.

Jammen var været på vår side hele tiden! Nå håper vi på at vi skal klare å få til mange hyggelige kvelder til høsten.



bLEST: Tindberg til Nedstrand

tekst Bjørg Rørtveit/foto Finn Bakke

bLEST Litteraturfest blir arrangert også i haust, sjølvsagt tilrettelagt med omsyn til koronasituasjonen. Nedstrand kyrkjeforum og bLEST har tradisjon for å samarbeide om eit arrangement under festivalen, og slik blir det også i år.

Søndag 1.november har me nemleg gleda av å ønske Svein Tindberg velkommen til Tysvær og Nedstrand, eit besøk me veit mange ser fram til. Tindberg er forfattar og skodespelar med lang erfaring frå Det norske teateret, og har gripe mange med sine tidlegare forestillingar. Til oss kjem han med den uformelle forestillinga «Som skrevet står»,- der han les, fortel og tar oss med bak kulissene i arbeidet sitt. Det blir ein kveld med innslag frå forestillingane Markusevangeliet, Apostlenes gjerninger og Abrahams barn, og frå boka hans «Bibelfortellinger for barn».

Sjå fram til ein kveld med god miks av alvor, smil og ettertanke.

Dei siste åra har Stemnestaden / Normisjon også vore ein av bLEST sine samarbeidspartar, og torsdag 29.oktober kan du få eit nært møte med prest og daglig leder i ByMenigheten Sandnes, Vidar Mæland Bakke som har gitt ut boka : "Gi mine øyne lys - Håpsord gjennom mørket". Dette er ei bok som har



fokus på psykisk helse og tru. Den skildrar forfattaren sine egne erfaringar med depresjon, og korleis denne perioden i livet verka inn på både tru og tvil. Boka er likevel mest ei oppmuntringsbok med refleksjonar om trua sin plass når livet byr på utfordringar.

Velkommen til godt påfyll under litteraturfestivalen!



Jubileumstema, side 7 til 21

Aksdal kyrkje 25 år - eit tilbakeblikk

Av Ingvar Frøyland

Søndag 27. august 1995 følgde 750 menneske med på vigslinga av Aksdal kyrkje. 600 i kyrkja og 150 via overføring til Tysværtunet. Framleis 25 år etter, må vel det vera den gudstenesta som flest har oppsøkt i Tysvær. Så var det ikkje ofte ei ny kyrkje vart innvia, den forrige i Tysvær var Skjoldastaumen kyrkje i 1910. Då dåverande biskop Bjørn Bue denne søndagen i 1995 sto for vigslinga av Aksdal kyrkje, var det for mange ein draum dei opplevde verta oppfylt.



Biskop Bjørn Bue tar første spadestikket 18. april 1994
Foto: Tysvær Bygdeblad/
Tysvær Historielag

I 1974 hadde Førresfjorden sokneråd søkt kommunen om tomt til utviding av Førresfjorden kirke. Kommunen returnerte spørsmålet og bad soknerådet vurdere eit eige kyrkjebygg i sentrum av kommunen. Kyrkja gav innspel, men saka vart lagt i ro av kommunen. Aksdal/Grinde-området var då delt mellom ulike prestegjeld og prosti, og gjennom meir enn 10 år gjekk diskusjonen om desse grensene, før heile Tysvær i 1989 vart eitt prestegjeld.

Mens dette pågjekk oppnemnde kyrkja i 1982 Aksdal arbeidskyrkje-nemnd med Asbjørn Espeset, Magne Kristoffersen, Vigdis Berentsen og Terje Fjeldheim. Same året vart fire kyrkjeringar starta; Frakkagjerd, Aksdal, Grinde og Våg/Sundfør, for å samla inn pengar til prosjektet. Kyrkjeringane vart både svært oppfinnsomme og dyktige til å førebu kyrkja.

Framdrift på arbeidet fekk ein først då grensene var på plass og kommunen aktivt kom på banen frå 1989. Innregulering av kyrkjetomt var gjort som del av samla plan for Aksdal i 1986, då kulturhus og bu- og servicenter skulle plasserast. Tomteval hadde vore diskutert tidlegare. Nokre meinte at kyrkja burde liggja på sørsida av europavegen åleine og godt synleg. Andre meinte at kyrkja måtte ha gravplass ved sida, og då dukka Grinde opp som alternativ. Innan kyrkjesektoren var ein mest opptekne av at den nye kyrkja skulle vera ei arbeids-kyrkje med rom for mange ulike aktivitetar og plasserast midt blant



Biskop Bjørn Bue omgitt av barn og prestar legg ned grunnsteinen 31. oktober 1994
Foto: Tysvær Bygdeblad/
Tysvær Historielag

der folk ferdas, altså tett på handlesenter, kulturhus og sentrumsfunksjonar elles.

Den kommunale plannemnda, leia av Arne Gjerde og med Terje Fjeldheim og Gunvor Leknes Frøyland som representantar frå kyrkja, arbeidde frå 1989 med planlegging. Sokneprest Finn Bårdsen laga utkast til romprogram. Arkitektfirma Brekke, Helgeland og Brekke vann arkitektkonkurranse, og arkitekt Stein Jarle Helgeland vart utførande arkitekt. Kunstnaren Per Odd Aarrestad stod for alterut-smykkinga. Biskop Bjørn Bue tok i 1994 første spadetak og la seinare same år ned grunnsteinen.



Bilte over: Arne Aurdal, t.v. har invitert fram to av pådrivarane for ny kyrkje i Aksdal; Asbjørn Espeset og Terje Fjeldheim, t.h.



Prosesjon er klar til inntog til opningsgudsteneste 27.08.1995:
Første rekke, frå venstre: Martha Fjeldheim, Borghild Yrkje, Bjørn Bue, Gunvor Leknes Frøyland og Arne Øystese. **Andre rekke, f.v.:** Harald Sirnes, Hans Olav Westen, Per Nordbø, Helge Gaard og Arne Aurdal. **Tredje rekke, f.v.:** Bjarne Hjelvik, Trond Wathne, Gunnar Kartveit og Arne Hanssen
Foto: Tysvær Bygdeblad

At så mange menneske så samla seg til vigslinga i 1995, vitnar om at mange opplevde glede og forventningar til den nye Aksdal kyrkje. På gudstenesta deltok tidlegare og dåverande kyrkje-tilsette, One Way, Tysvær Blandakor og blåsegruppe. Ordførar Borghild Yrkje overrekte nøklar til leiar av soknerådet Martha Fjeldheim. Etter gudstenesta var det festlapskaus og kyrkjekaffi i Tysværtunet.

Mange aktivitetar fylte kyrkja frå første stund. Opningsveka besøkte heile 6000 kyrkja. Der var konsertar med Gjørn Fristorp, Tore Thommassen, Refleks, One Way, Tysvær Blandakor, Nord-Rogaland Symfoniorkester og Fylkesmusikarane, samt møte med Arnfinn Skåheim, pensjonisttreff, utstillingar og føredrag ved Berge Furre og Simon Flem Devold. Skular og barnehagar var også innom.

Dei faste aktivitetane tok snart plass, slike som Gla'sang, Byggeklossen, One Way, ungdomsklubb og seinare speidar. Organisasjonane starta umiddelbart med tysdagsmøte i kyrkjestova. Frivillige hadde stilt opp og innreia ungdomsrom og loftsetasje.

Dei tilsette fekk kyrkja som sin base med gudstenester, konfirmantarbeid, trusopplærings-prosjektet Kyrkjenaer, diakoni-arbeid og mykje anna. Gjennom 25 år er det naturleg at aktivitetar kjem og går. Mens nokre grupper er avslutta, har andre kome til og fyller kyrkja med dagleg liv.

Utruleg mange frivillige har gjennom alle desse åra gjort frivillig arbeid gjennom kyrkjeringar og menighets-foreningar, som leiarar i barne- og ungdomsarbeid, som kyrkjevartar og klokkarar, som kakebakarar og servitørar av kyrkjekaffi.



Bilde over: Den første dåpen i Aksdal kyrkje. Christine Søvik blei døypt og Helga Gaard var prest.



Kirkeliv i 25 år

småglimt fra ulike arrangement og tilbud

EtterSkoletid



EtterSkoletid ble startet av Marta Fjeldheim i 2011 da hun pensjonerte seg. Ønsket var å gi barna fra 4. – 7. klasse et tilbud i kirken. Opplegget er et samarbeid med Normisjon og knyttet til kirkens trosopplæring.

Bildet over er fra 2019.



Bilde over: Terje Fjeldheim var sterkt engasjert for å få bygget kirken i Aksdal. Han er fortsatt aktiv med; her som fotballdommer i EtterSkoletid.

Bilde til venstre: Her lages gevinster til vårens EtterSkoletid basar.



Aksdal kyrkjeforening

Bilder til høyre: Sykvelde i kyrkje-foreningen i 2016. Fra venstre Venke Sundfør, Magny Erdal, Anne Wee Førre, Grete Kallevik og Astrid Fjeldheim. Bak Anne Susort.

God mat må til på basar. Her er Gerd Nedrebø og Aslaug Irene Skjold i full sving på kjøkkenet.

Bilde under: Ivrige loddkjøpere på en basar i 2016.



17. mai

Hver 17. mai er det gudstjeneste i kirken før toget starter. Grinde musikkorps er alltid med. Her er et bilde fra 2014.



AKSDAL
KYRKJE
25 ÅR



Go'kvelder

Et par ganger i halvåret lager diakoniutvalget i Aksdal Go'kvelder i kirka. Der blir aktuelle kristne tema tatt opp og ofte er det musikk og kulturinnslag.

I 2019 fikk tilhørerne et engasjert og fint foredrag av Helga Haugland Byfuglien som da var preses, lederen, av Den norske kirke.



AKSDAL
KYRKJE

25 ÅR

Hellige tre kongers fest



Bilde over: Inger Johanne og Jens Stangeland startet Hellige tre kongers festen i 2001, og har gjort en kjempejobb i Aksdal til stor inspirasjon og glede for de andre i menigheten.

Bilde til høyre:

Hellige tre kongers fest er en misjonsfest i januar. Her er Eldunn Breivik Østhus og Magne Østhus.

Bilde under: Tysvær Blandakor i aksjon på Hellige tre kongers fest i 2016.



Halv åtta

Dette er et treffsted for unge menn og kvinner i sin beste alder. De arrangerer tema- kvelder og konserter.

Bilde t.v: Ingebjørg Fossum, Solveig Myge og Meike Baumgart koser seg med kveldsmaten på et møte i 2018.

Bilde t.h: To fornøyde karer på Halv Åtta. Torleiv Fossum og Martin Schouwstra.





Aksdal kyrkje - 25 år

Hausten 2020

Tekst Gjermund Lygre/ foto Tore Erland

Vi ser fram til ein spennande haust med mange flotte samlingar for små og store. Vi har gudstenester så å seie kvar søndag. Dei fleste er i Aksdal, men ca ein gong i månaden har vi gudsteneste i Førre.

I september har vi mange ulike gudstenester. Eg vil nemne tre av dei:

Vi ser fram til å presentere eit nytt kull med konfirmantar den 6. september. Konfirmantarbeidet er kjekt, ungdomane våre er kjekke å ha med og gjere, sprelske og kreative. Vi gler oss til å ta imot dei og bli kjent med dei.


Helga etter skal vi ha haust-takkefest. Då samlar vi små og store og pyntar kyrkja med god frukt, grønsaker og anna som ei takk for alle gode gaver som Gud gir oss. Kanskje kan du få ei god plomme eller tre å fylle magen med etter gudstenesta.

Laurdag 26 og søndag 27 skal vi ha mange gudstenester der vi skal få feire og konfirmantane som skulle ha blitt konfirmert i mai. Vi grugler oss til den helga, ei travel og kjekk helg.

I oktober er vi inne i eit litt rolegare farvatn. Då er det ei frihelg for oss alle. Høgdepunktet den månaden er Ung messe misjon. Då skal ei gruppe av konfirmantane vere med og lage gudsteneste med fokus på misjon og Mali. Det er kjekt, og kanskje får vi smake litt god drikke frå Mali og litt malisk mat.

I november har vi først Allehelgensdag den 1. Då samlast vi i Førre til gudsteneste og vi minnest alle som har gått bort det siste året ved å tenne lys for kvar enkelt og lese opp navna.

Vi har utdeling av fireårsbok i Aksdal 8. november. Det er alltid ein fest å få vere med og ta imot 4 åringane som og har nokre samlingar i forkant. Vi syng for og med barna. Kjekt rett og slett.



Stegaberghuset



Førre kirke

Siste søndagen i november er første søndag i advent. Då har vi med oss 5. klassingane på lysvåken gudsteneste. Dei vil då ha overnatta i kyrkja og har vore med og laga gudstenesta. Det er berre å glede seg.

Desember byrjar vi på Stegaberghuset med gudsteneste klokka 11. Det er alltid kjekt å kome dit. Det bur kjekke folk på Stegaberghuset og grendene rundt, god mat og god song. Bli med.

På kvelden har vi den tradisjonsrike lysmessa. Konfirmantane er pent pynta i sine kapper. Tysvær brass spelar - dei er gode. Kom og opplev ein flott fest med flotte konfirmantar, lys og mørke og vakker musikk.

Etterpå har vi ei gudsteneste i Førre med dåp om nokon vil ha dåp i Førre før jul.

Det må seiast at vi er heldige i Førresfjorden sokn som har to flotte kyrkjer å feire gudsteneste i.

Fjerde søndag i advent kviler vi på laurbæra og hentar styrke til julegudstenestane både i Aksdal og Førre. Då er det festgudstenester med mykje god musikk, kor, korps og anna spennande som skjer.

1 juledag feirar vi Jesus sin fødsel med høgtidsgudsteneste, vakker musikk frå dyktige blåserar og går glade heim til enno ein julemiddag.



AKSDAL
KYRKJE

25 ÅR

Feiringa av kyrkjejubileet utsett eitt år!

Av Ingvar Frøyland og Gjermund Lygre

Etter at jubileumskomiteen for 25-årsfeiring av Aksdal kyrkje hadde jobba både haust og vinter og nærma seg ferdig program i mars, stoppa det heile opp, og spørsmålet som surra i hovuda til komitemedlemmene var: «Blir det mulig å gjennomføre vårt 25 timars samanhengande program frå laurdag føremiddag til og med festgudstenesta søndag med jubileumskake ute?»

Og kva med konsert fredag kveld med Voice of Joy som også feirar 25 år i år? Eller øving for barna saman med Bjarte Leithaug fram mot familiekonsert?

Til slutt måtte ein innsjå at koronareglane ville setja så store avgrensingar for publikum og festkjensla, at kyrkjejubileet vert utsett eitt år til 27.- 31.august 2021!


Dermed blir det berre å gleda seg til Voice of Joy-konsert fredag 27.08, og til laurdagen med aktivitetar og kor for barn, misjonstime, kunst i kyrkje-rommet, dikt, føredrag og ungdomsaktivitetar om eitt år.

Jubileumslogo for Aksdal kyrkje

Av Ingvar Frøyland

Janne Eide har laga ein flott logo til Aksdal kyrkje sitt 25 års-jubileum. Jubileumskomiteen gav henne oppdraget ut frå tanken om at Aksdal kyrkje skal vera ei open kyrkje som ligg midt blant folket.

Janne Eide beskriv sjølv logoen slik: Utgangspunkt er kyrkjebygget. Utrykket er forenkla; kyrkja er «opna» i den forstand at delen som ligg mot høgere er open ut mot samfunnet, samstundes som ein blir dratt inn mot ein midte (noko som



foreiner oss) - omlag der Kristusfiguren viser seg inne i kyrkja. Sirkelen bak og «spilene» utover er eigentleg henta frå inspirasjon frå lysekronene inne i kyrkja, men heilheita kan også assosierast med klokka og hjul, og sirkelen er jo evighets-symbolet! Utrykket understreker også at kyrkja er sentralt plassert i miljøet.

Logoen er teken i bruk på kyrkja si Facebookside og blir elles brukt i materiale som gjeld kyrkjejubileet.

Kirkeliv i 25 år

småglimt fra ulike arrangement og tilbud

KM-basar

I uka før høstferien pleier Førre-Aksdal KFUK-KFUM ha sin tradisjonelle basar. Her er det Arne Aurdal som holder andakt i 2014 på et fullstappet kirketorg.




One Way

Siden kirken var ny har tensingkoret One Way hatt sine øvelser i den store salen i kjelleren i kirken. Bildene her er fra en øvelse i 2018.

Øystein Østebøvik har lang fartstid i One Way og var dirigent og altnuligmann der.



Glade gitarister: Pål Sjørven (f.v) på sologitar og Elias Klingsheim på bassgitar.



Bilde øverst: Stifinneren Therese Sirnes har fått med mormor Sigrid Sirnes på basar.

Bilde over: Speiderne Arvid Halleland og Peder Undheim selger lodd.



Kyrkjeonsdag

En onsdag i måneden er det liv og røre i kirken i Aksdal. Da samles unge og eldre til middag og litt program etter arbeidstid.

Bilde til venstre:

Her er tre generasjoner klare for middag. Fra venstre: Solveig Myge, Johannes Røthe og Inger Marie Myge. Fra 2019.



AKSDAL
KYRKJE

25 ÅR

Gla'sang

I mange år var Gla'sang eit aktivt barnekor i kyrkja i Aksdal. I 1996 skreiv Elise Erdal (10 år) denne teksten på skulen om koret ho gjekk i:



Gla'sang

Koret «Gla'sang» blei starta opp høsten 1993 av Kari Undheim og Kørner Høie. Etter ei stund blei Grete Gaard med. Det er dei som er leddarar no. I byrjinga var det ganske få, men no er det ca 35 stykk.

Eg har gått der sidan starten. Då gjekk eg i 2. klasse og hadde lyst til å byrja å synga.

Tidligere i år var me på gospelsfestival på Karmøy. Då øvde me heile dagen, og om kvelden hadde me konsert. Me sang då med ei dama som heitte Ragnhild Hiis. Det var gøy, og ein gong i februar skal me på korhelg. Då skal Tore Thomassen vera der og lera oss mange songar. Me har sunge med han før då kyrkja i Aksdal blei tatt i bruk.

Gla'sang opptre med Tore Thomassen saman med andre kor under opningsveka av kyrkja i Aksdal.

Byggeklossen

Byggeklossen var et arrangement på formidagen for barn fra 0 til 7 år.

Bilde under: Her feirer Byggeklossen at kirken i Aksdal er ferdig 1995. Det ble markert med en stor kirkeformet sjokoladekake! Fra venstre Eldunn Breivik Østhus, Wenche Veivåg Tveit og Venke Sundfør.



Bilde over: En lydhør forsamling på Byggeklossen.

Mange unge og eldre er innom kirken i Aksdal hver uke. Vi har stilt et par spørsmål til folk vi traff på der.

Hva har kirken i Aksdal betydd for deg? Hva tenker du er viktig videre/hvilken forventning har du til livet i Aksdal kirke framover?

Sigmund Susort

Jeg er glad for at kirken i Aksdal ikke bare er et staselig fint bygg, men ei arbeidskirke som har mange forskjellige samlinger for alle aldersgrupper.

Det som har betydd mest for meg, er det gode kristne fellesskapet som gir støtte og hjelp til å møte livet i medgang og motgang.

Det er en utrolig stor spennvidde i arbeidet som drives i menigheten. Det er ikke noe som går av seg selv, så vi er helt avhengig av en god stab og mange frivillige som kan være med å drive dette videre. Forventninger til livet i Aksdal kirke fremover, er at vi må ha enda større fokus på arbeidet med barn og ungdommer. Der må vi klare å gi de en møteplass som gir gode opplevelser og troserfaringer.



Liv Jorunn Frønsdal

I 2009 flytta eg heim att etter å ha budd ulike stader i 14 år. Før eg flytta hørde me til Skjoldastraumen kapell, og eg kjende derfor lite til aktiviteten og folka i Aksdal kyrkje. Livet hadde gått litt i motbakke og det kunne til tider vera utfordrande å sjå folk rundt seg som oste av pågangsmot og glede i både tru og kvardagsliv. Det var lett å tenke at dei andre dømmer deg og at ein står utanfor fellesskapet. Ikkje lett å bli ivrig kyrkjegjengar med slike tankar. For meg blei dei mange gode konsertane viktige for å oppleve at i Aksdal kyrkje høyrer eg til i. I denne kyrkja kan eg leve sant i, og puste i.

Eg leste om ein som sa at han trengte eit alibi for å gå i kyrkja. Det syns eg var godt sagt. Nokre oppsøker kyrkja kun ved dåp eller konfirmasjon og er nøgde med det. Men eg trur det er mange som søker meir, men der terskelen er høg for å gå på ei vanleg gudsteneste utan at dei har eit alibi. Det er derfor viktig at Aksdal kyrkje er pådrivar for arrangement som gir alibi/påskot for å samle folk i kyrkja.

Hartvig Waage

Jeg var engasjert i prosessene rundt bygginga og åpninga av Aksdal Kyrkje for 25 år siden. Var glad for at kirka fikk en så sentral plassering. Kirka er blitt en viktig "vegg" rundt vår festplass.

Det er ikke alt kirka (DNK) står for som jeg kjenner meg hjemme i. Til tross for det mener jeg det er viktig at vi slutter opp om kirka og fellesskapet der. Det er alltid fint å få komme til gudstjeneste og andre samlinger i kirka vår. Jeg vil spesielt nevne nattverdsfellesskapet, sangen og musikken og et klart Jesussentrert budskap.

Barne- og ungdomsarbeidet vil alltid ha høg prioritet. Det er avgjørende for framtida. Skulle ønske at kirka i større grad ble en samlingsplass for hele familien. Avgjørende er et klart evangelisk og bibeltro budskap!



Meike Baumgart

Jeg er innflytter til Norge og til Aksdal og har derfor ikke flere generasjoners tilhørighet til kirken å vise til. Men kanskje det er akkurat derfor jeg kjenner en sterk tilknytning til kirken i Aksdal. Jeg har valgt å bosette meg her. Dette er min lokale kirke og min menighet som jeg har engasjert meg frivillig i over flere år nå.

Jeg er ikke «fast inventar» på søndagsgudstjenesten, men jeg har deltatt i noe av tilbudet som foregår i kirken på hverdager, som babysang, småbarnssang, kirkeonsdag, halvåtta (som er et tilbud for de yngre voksne), og kulturelle arrangementer.

Gjennom arbeidet i menighetsrådet har jeg blitt kjent med mye av arbeidet som gjøres i menigheten i hverdagen og Aksdal kirke har et godt og variert tilbud. Jeg har blitt imponert over arbeidet kirken gjør for konfirmantene og hvor mange som blir vist omsorg gjennom diakonitjenesten.

De siste månedene har vist oss hvor sårbart samfunnet vårt er og at livet plutselig kan bli snudd helt på hodet. Staben i Aksdal kirke har gjort en kjempejobb med å tilpasse seg nye krav og har sendt ut budskap og impulser via digitale kanaler som mange har hatt glede av. Jeg tror de neste 25 årene vil bli preget av enda flere tilpasninger og omstillinger, men jeg verken tror eller håper at veien videre ligger på facebook, men tvert imot i utviklingen av gode relasjoner mellom folk og et åpent og varmt mangfold i lokalkirken.

Elise Frønsdal

Eg starta som pianist i One Way då eg gjekk i 8. klasse, og hadde mange flotte år saman med band og kor. Den siste tida var eg også dirigent. Etter konfirmasjonsåret vart eg med i MILK-opplæringa, og har i åra etterpå vore med som leiar på konfirmantleirar, Lys vaken og andre barne – og ungdomsarrangement. For meg har Aksdal kyrkje betydd tru, song, musikk og tull og fjas samane med nokre av mine beste vener. Det har også betydd mykje for meg å få tillit og ansvar frå dei tilsette i kyrkja.

Det er viktig å satse mykje på barne- og ungdomsarbeid. Kor, treff og aktiviteter som gjer at borna vil komme i kyrkja. Eg håpar også at det vert lagt meir til rette for gudstenester for ungdom/unge voksne slik at me også kan skape eit fellesskap for den yngre generasjonen. Men her må også vi sjølve være med å ta ansvar.



Birger Førre

Jeg var politiker og med på avgjørlesen om kirken skulle bygges og hva slags kirke vi skulle ha. For meg var det avgjørende at det ble en type kirke som kunne brukes alle dager, til ulike tidspunkt og ikke bare en høytids og gudstjeneste kirke. Vi var flere politikere som jobbet for at driften/oppgaven til denne kirken var å senke terskelen og åpne opp for bredden i befolkningen og peke på vår kristne arv som Norge er tuftet på. Nærmest en form for sjømannskirke. Det synes jeg at en fikk til i mange år med stor tilstrømning av barn og ungdom til aktiviteter ettermiddag, kveld og helg.

